

# Reglar for IKT-bruk i Møre og Romsdal fylkeskommune

Reglane gjeld bruken av datanettet på skulane, tannklinikkane og sentraladministrasjonen (fylkesnettet) for alle tilsette i Møre og Romsdal fylkeskommune.

## **Sensitive personopplysningar<sup>1</sup>**

Slike data blir lagt på eigne område i ePhorte. Tilgangen til dei ulike områda på ePhorte blir styrt av tilgangsrettar. Personopplysningar skal berre vere tilgjengeleg på fylkeskommunen sine autoriserte datasystem som t.d. ePhorte, Unique, VIGO, Extens, Otto, og ikkje lagrast på uautoriserte område (t.d. **internett**enester, filtenarar – fellesområde g: og heimeområde h:).

## **Utskrift**

Dokumenter som skrivast ut må hentast med ein gong. Dokument som inneheld personopplysningar må ikkje ligge på skrivar eller ved skrivaren.

## **Tryggleikssoner**

Kontor der det blir handsama personopplysningar, er definert som trygg sone. Slike kontor skal alltid vere låste når saksbehandlaren ikkje har tilsyn med kontoret/pc-en.

## **Elektronisk post (e-post)/telefaks**

Du har ikkje lov til å sende sensitive personopplysningar eller tekst gradert etter tryggingslova på telefaks eller som e-post. Arbeidsgivar sin adresse (mrfylke.no) skal ikkje brukast privat.

## **Tryggleikskopi (backup) og lagring**

All arbeidsrelatert informasjon skal, av sikringsgrunnar, lagrast på eigen tenar, då det blir teke tryggleikskopi av desse kvar natt. Private data skal ikkje lagrast på tenar.

## **Internett**

Du har ikkje lov til å laste ned store datamengder til tenar eller eige område, t.d. lyd/musikk, bilete og film/video, dersom dei ikkje er knytt til arbeidsoppgåvene dine. Same gjeld sider som er i strid med Fylkeskommunen sine verdiar.

## **Passord<sup>2</sup>**

Brukaridentitet og passord er personleg. Passord til nettverket skal ha minst 8 teikn, og skal bestå av store og små bokstavar og to tal. Ved skifte<sup>3</sup> av passord til nettverket, skal passord til andre datasystem også skiftast, der dette ikkje skjer automatisk (t.d. ulike fagdatabasar). System som krev skifte oftare enn kvar 6. månad er unnatekne.

## **Skjermsparar / låsing av enhet**

Skjermspararen skal vere aktivisert med maksimalt 10 minuttars venteavbrot. Når du forlèt kontoret på dagtid, bør du aktivere<sup>4</sup> skjermspararen direkte (Win + L). For mobile einingar og nettbrett skal det vere 5 minuttars venteavbrot.

## **Virus**

Alle eksterne lagringsmedia (t.d. minnepinnar, og cd-ar) skal sjekkast for virus før dei blir opna. Fylkeskommunens eigne berbare pc-ar skal ha automatisk viruskontroll. Dersom du får melding om virus, kontakt IT brukarstøtte.

## **Maskin- og programvare**

IT-seksjonen skal godkjenne nye maskinvarekomponentar og all installasjon av programvare. All programvare på våre maskiner, skal ha godkjent lisens. Du har ikkje lov til å laste ned programvare frå nettet. Dersom programvare er nødvendig for å utføre arbeidsoppgåver, skal førespurnad gå via leiar og IT-seksjonen godkjenne slik installasjon.

## **Berbare pc-ar**

Det er ikkje lov å koble til framande, irekna personeigde, berbare pc-ar til fylkeskommunen sitt administrasjonsnett.

## **Kontaktpersonar for informasjonstryggleik**

Dagfinn Grønvik - 8703

Eirik Jenssen - 8733

---

### <sup>1</sup> **Sensitive personopplysningar:**

Sensitive personopplysningar er opplysningar om (rf. personopplysningsloven §2 punkt 8 sensitive personopplysningar):

- rase eller etnisk bakgrunn, eller politisk, filosofisk eller religiøs oppfatning
- at ein person har vore mistenkt, tiltalt eller dømd for straffbart forhold
- helseforhold
- seksuelle forhold
- medlemskap i fagforeningar

### <sup>2</sup> **Skifte av passord**

Det er avgjerande for informasjonstryggleiken vår at alle følger passordreglane. Men det er også viktig for kvar ein skild medarbeidar. Dersom du har eit gammalt passord, som etter kvart er blitt kjent av fleire, eller eit passord som det er lett å gjette seg til, kan ein annan logge seg på som deg og i ditt namn gjere hærverk av ulike slag i nettverket. I loggen til datanettet står det berre din identifikasjon + PC-en det vart logga inn frå. Det er med andre ord du som blir ståande att som hærverkar!

### <sup>3</sup> **Korleis skifte passord:**

Trykk **Ctrl+Alt+Delete** og **Change password/Endre passord**.

### <sup>4</sup> **Korleis aktivere skjermspararen:**

Trykk **Ctrl+Alt+Delete** og **Enter** og dermed er PC-en din låst. Eller trykk **Windowstast + L**

